

**KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE  
KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2012**

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

**Prosjektnamn**

Miljøterapi prosjektet, vidareutvikling av miljøterapien med fokus på recovery og kognitiv miljøterapi.

**Prosjekteigar** (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Stavanger HF, Psykiatrisk divisjon, Sola DPS

**Prosjektleder** (kontaktperson)

Anne Berit Eie Torbjørnsen

**Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt**

Kvifor blei prosjektet starta?

2010 avslutta prosjektet kompetansepost innan miljøterapi som vi fikk såkornmidlar til i 2009. Prosjektet hadde fokus på å implementere miljøterapeutiske verkøy som skulle bidra til å auke forståelsen for pasienten sin strategi for å meistre livet.

Å implementere miljøterapeutiske verkøy har gitt oss forståing og empati for pasienten som har ført til gode terapeutiske relasjonar mellom pasient og behandlarteam.

Vi ser likevett at det blir stilt lave forventningar til pasienten sin deltaking i ulike aktivitetar på posten. Vi må derfor sette fokus på inkomstsamtalen slik at pasientane introduseras til kva som er det miljøterapeutiske tilbodet på posten.

**Mål for prosjektet**

Kva for forbetring håper de at prosjektet skal føre til?

Vi ynskjer å utvikle vidare miljøterapi prosjektet ved å fokusere på betringssprossar (recovery). For at pasientane i størst mulig grad skal kunne ta i bruke egne ressursar vil fokus på psykoedukasjon, undervisning om sjukdom og kva som påverkar sjukdom, stå sentralt. Ein forventar at pasientane i større grad tek ansvar for seg sjølv og sin betringsspross. Miljøterapeutane må da nytte gyldne augneblikk som oppstår i dei daglege aktivitetane på posten.

**Metodisk tilnærming / evaluering av effekt**

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

Litteraturstudiar med fokus på recovery og kognitiv miljøterapi.

Systematisk gjennomgang av artklar på fagmøter i posten.

Alle pasientar har fysisk aktivitet med i sin behandlingsplan.

Turdagar blir til tematurar.

Pasientundervisning skal utviklas til å bli tema for veka.

**Planlagt bruk av resultat i eiga eining** (implementering i drift m. v.)

Igangsetjing av psykoedukative grupper

Auke kompetansen på kognitiv miljøterapi ved litteraturstudiar, fagdagar og deltaking på konferansar.

**Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv

Vi ser at etterspørjinga på kunnskap om miljøterapi er stor. Prosjektet vi gjennomførte i 2010 har ført til interesse både i divisjonen og nasjonalt. Vi meiner derfor at vi allereie har ein plattform som vi kan nytte høve av i overføring av vår kunnskap vidare i divisjonen og elles i landet. Vi er godt i gang med å skrive ein artikkel med utgangspunkt i prosjektet som vi fikk midlar til 2009 og vil at dette prosjektet skal leie til en artikkel nr 2 med tanke på utgiving i Vård i Norden 2014. Vi ynskjer også å delta på internasjonal konferanse i 2013 med en work-shop.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt)

August 2012

**Sluttidspunkt** (planlagt)

31.12.2013